

FELLESRÅDET I MELAND.

ÅRSMELDING OM ARBEIDET I FELLESRÅDET 2014.

Fellesrådet sine medlemmer 2014 m/personlege varamedlemmer vart vald av kommunestyret 2011 for 4 år.

I 2013 gjekk eit av medlemmene bort og eit medlem vart friteken frå kommunale verv.

Etter dette har Fellesrådet slik samansetjing:

Medlemmer:		Personlege varamedlemmer:
Klara Hansen	Meland eldrester	1. Bjørg Aadland
	” ”	2. Gunhild Sagstad
Klara Mongstad	” ”	1. Johannes Fosse
	” ”	2. Kari Røyrbotn
Sigurd Knudsen	” ”	1. Magne Eikevik
	” ”	2. Kirsten Jensen
Kirsten Torsvik	SAFO	1. Arvid Sakseide
		2. Vigdis O. Brakstad
Anne Berit Kolås	SAFO	1. Tore Eugen Hansen
		2. Reidun Grønhaug
Anne Marie Skurtveit	FFO	1. Aslaug Haugland
		2. Ingunn Slettebakken
Leif Johnsen	UDU	1. Henriette Fennelly
		2. Per Kristian Holmetun
Øyvind Oddekalv	ULK	1. Elna Bjørndal
		2. Erling Rønnestad

I 2014 har Fellesrådet hatt 6 møte og handsama 53 saker.

Fellesrådet har handsama 29 saker i tillegg til godkjenning av innkalling/sakliste, møtebok, skriv og meldingar og aktuelle saker:

Plansaker fellesrådet har fått til uttale:

- 1. Reguleringsplan Hoplandsdalen Jorddeponi – høyring og offentlig ettersyn.**
Fellesrådet kom med merknader til planen i 2012 og er framleis uroa over auke i trafikken.
- 2. Reguleringsplan Hjertås industriområde – offentlig ettersyn og høyring.**
Fellesrådet har ingen merknader og tek planen til etterretning.
- 3. Reguleringsplan Bergotunet – Offentleg ettersyn og høyring.**
Fellesrådet har ingen merknader og tek planen til etterretning.

4. Kommuneplan arealdel 2014-2026 – høyring og offentlig ettersyn.

Fellesrådet kom med merknader til kommuneplanen:

Utbyggingstakt bustadbygging

Kapasitet skule/barnehage

Trafikktryggleik

Nok område til offentlig verksemd/næring

Sikre tilgjenge til sjø/strand for alle

Fokus på tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne

Fellesrådet kom og med merknader til

Planskildring

- fortrinnsrett til kjøp av bustader til marknadspris

- kommunal tilvisingsrett for bustader

Planføresegner – krav til sykkel-/bilkparkeringsplasser

5. Varsel om oppstart av detaljregulering for Holsbergåsen, felt B9 og endring av delar av reguleringsplan for Holmemarka Aust gnr 10 bnr 40 og 55

Fellesrådet har ingen merknader til planen.

Saker fellesrådet har fått til uttale:

6. Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland 2014-2017

Fellesrådet tek planen til orientering.

7. Oppstart av frivilligmelding

Fellesrådet er positiv til at det vert utarbeidd Frivilligmelding i Meland.

Sigurd Knusdsen vert vald som representant frå Fellesrådet til arbeidsgruppa.

8. Rapport skulestruktur 2015-2018

Fellesrådet tek prosjektrapporten til orientering og at alt. 1 – ingen endring er best.

Fellesrådet ber om at det blir føreteke ein skulestrukturgjennomgang med eit lengre tidsperspektiv.

9. Tannhelsetenesta klinikkstrukturplan 2015-2013

Fellesrådet meiner at lengre reiseveg til lokal tannklinikk vil kunne føre til at einskilde brukargrupper vil ha vanskar med å møte til tannlegetime. Det er særskild viktig at endring i struktur ikkje forringar førebyggjande tannhelse lokalt i Meland.

10. Kommunestruktur

Resultat av kommunereform må fortsatt være at tenestene vert gode og nære for innbyggjarane.

Brucarundersøking

11. Brucarundersøking pleie og omsorg

Medlemmer i Fellesrådet var behjelpeleg i brukarundersøkinga på sjukeheimen.

Saker fellestrådet har teke opp på eige initiativ:

12. **Skulekartlegging av tilgjengelegheit for rørslehemma i grunnskulen.**
Orientering om resultat av skulekartlegging av tilgjengelegheit for rørslehemma i grunnskulen i Meland v/Arild Birkenes ved Regionkontoret NHF Sørvest.
13. **Brakarundersøking pleie og omsorg**
Medlemmer i Fellestrådet ønskjer å vere behjelpeleg i brukarundersøkinga.
14. **Økonomiplan 2015-2018**
Godt utarbeidd dokument. Ikkje-prioriterte tiltak bør førast over på lista over prioriterte driftstiltak. Ramma må aukast.
15. **Revidering av driftsbudsjett for 2014**
Fellestrådet er ikkje nøgd med at at tiltak som det er inngått avtalar med innan spesialhelsetenesta ikkje er oppfylt.
16. **Offentleg toalett i Frekhaug senter**
Det må snarast kome eit offentleg toalett i Frekhaug senter.
17. **Status Meland sjukeheim**
Fellestrådet oppmodar Meland kommune at det for 2015 vert budsjettert med midlar til å ta i bruk 2 lang-tidsplassar og 2 kort-tidsplassar på Meland sjukeheim.
18. **Nedlegging av Sparebanken Vest sin filial i Frekhaug senter**
Fellestrådet er uroa over informasjon om at Sparebanken sin filial i Frekhaug skal leggjast ned.
19. **Den Kulturelle spaserstokken 2015**
Fellestrådet vedtok at det søkjast om tilskot stort kr 60 000,-.
20. **Framlegg til budsjett 2015**
Fellestrådet ber kommunestyret styrka postar slik som skule, barnehage, pleie og omsorg. Inndekking – bruk av fondsmidlar.

Deltaking på kurs og konferansar:

21. **Den Internasjonale edredagen 1. oktober**
Arrangement på Nordhordland Folkehøgskule.
Kåseri om myter v/statsarkivar Yngve Nedrebø
Kulturinnslag
I tillegg deltok prest, ordførar, seniordansarane og pensjonistkoret.
Fint arrangement med god underhaldning og god mat.
22. **Eldrerådskonferansen i Hordaland 2014**
Klara Hansen og Sigurd Knudsen tok del.

Kulturarrangement:

23. Den Kulturelle spaserstokken 2014

Kulturarrangement på Nordhordland Folkehøgskule 13. mars, der Helge Jordal framførte «Terje Vigen», kulturkonsulent Eirik Utne koserte om hendingane kring Englandskrigen og det som førte fram til Grunnlova i 1814. Midlar vart og nytta i arrangementet Den Internasjonale eldredagen 1. oktober

24. Filmframsyning Meland Eldresenter

Filmen «Livsstil på hell» av Øyvind Sandberg vart vist på Meland Eldresenter i desember.

Leiar og nestleiar i Fellesrådet har jamlege møte med ordførar.

Fellesrådet får innkalling m/sakspapir og protokoll frå Utval for drift og utvikling og Utval for levekår.

Leif Johnsen refererer i Fellesrådet frå møte i UDU og Øyvind Oddekalv refererer frå møte i ULK.

Innkalling og sakspapir har vorte sendt den lokale pressa, Meland Helselag Eldresenter, Meland Helselag, biblioteka, ordførar og rådmann.

Møtebok frå møta vert sendt dei same, samt sekretær for Utval for leverkår og Utval for drift og utvikling .

Fellesrådet har hatt møte der tilsette i administrasjonen har orientert om følgjande:

- Rådgivevar Helge Kvam:
Brukarundersøking pleie og omsorg
Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Meland
Status Meland sjukeheim
Tannhelsetenesta klinikkstrukturplan 2015-2030.
- Leiar Meland Frivilligsentral Nina Randal:
Oppstart Frivilligmelding i Meland.
- Rådmann Ingvild Hjelmtveit:
Revidering av driftsbudsjett og økonomiplan 2015-2018.
- Økonomisjef Per Inge Olsen:
Framlegg til budsjett 2015.
- Skullefagleg rådgivevar Reidun Johannessen:
Rapport skulestruktur 2015-2018
- Kommuneoverlege Tord Moltumyr orienterte om samarbeidsavtalar som er inngått og status spesialhelsetenesta, oppfølging i kommunen.

I Lov om Eldreråd av 08.11.1991 og Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne av 17.06.2005 står det m.a.:

”Kommunane kan vedta å opprette felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Kommunestyret vedtek mandat for samansetjing av råda.

Fellesrådet er eit rådgevande organ for kommunen. Alle saksdokument skal leggjast fram for rådet i god tid før kommunestyret handsamar sakene. Fellesrådet skal ha til

Fellesrådet sine oppgaver:

I odelstingsproposisjonen vert det nemnd ein del sakstypar som fellesrådet skal ha til handsaming. Dette gjeld m.a. økonomiplan og kommuneplan - tiltak og planar i helse- og sosialsektoren - bustadprogram og reguleringsplanar - samferdselssaker og kommunikasjonsplanar - kulturelle og andre kommunale tiltak som vedkjem eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.

Fellesrådet er eit partipolitisk uavhengig råd, som arbeider på tvers av partigrensene. Det skal vere orientert om levevilkåra for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i kommunen.

Fellesrådet ber om at kommunalavdelingane, råd og utval er vakne for kva saker som gjeld **"levvilkåra for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne"**, slik at Fellesrådet får sakene **før** det vert gjort endeleg vedtak.

Frekhaug 15.01.2015

FELLESRÅDET I MELAND

Sigurd Knudsen
leiar

Randi Hilland
Sekretær

Godkjent i Fellesrådet 12.02.15